
Til:	Opplæringsavdelinga og kultur- og idrettsavdelinga
Frå:	Ungdommens fylkesutval

Referanse
2014/560-113

Dato
15.09.2014

Fleire opne idrettsanlegg og øvingsrom for musikk - innspel til budsjettarbeidet

Ungdommens fylkesting har vedteke i Ungdommens planprogram at:

«Ungdommens fylkesutval skal jobbe for at offentlege bygg skal verte lettare tilgjengeleg for utlån, særleg at fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet, ved å foreslå ein auka post i budsjettet for dette.»

Bakgrunnen for dette tiltaket er det store undertilbodet i treningstid for både idrettslag og musikarar med fokus på ungdom i ein tid der det er ekstra viktig at ein har eit trygt tilhaldsstad med positive aktivitetar. Nokre kommunar har ikkje eigne idrettshallar og dermed er det ekstra trist med gymsalar og idrettshallar som står tomme etter kl 16. Det same gjeld øvingslokalar for musikk.

Ungdommens fylkesutval vil derfor be opplæringsavdelinga og kulturavdelinga om å ta høgde for auka tilskot i budsjett 2015 til skulane slik dei kan halde gymsalar, idrettshallar og øvingslokalar for musikk opne etter kl 16 på kvardagar. Ved gjennomsyn i budsjettet og kommunikasjon med avdelingane ser vi at det er naturleg å be opplæringsavdelinga om å auke rammetilskotet til skulane, øyremerkja til å halde opne fasilitetar for ungdomsaktivitetar. Til kulturavdelinga vil vi be om at posten 400.410 Tilskot til idrettsarbeid som i 2014 fekk tildelt 200 000 kr vert auka slik at fleire skular har moglegheit til å vere disponibel for ungdomsaktivitetar.

Vi håpar at de kan ta innspelet med i arbeidet dykkar.

Med helsing

Agnes Hoshovde Bernes
Leiar

